

Fra: Samferdselavdelinga - Postmottak (samferdsel@hfk.no)
Sendt: 04.05.2016 08:59:25
Til: Marte Hagen Eriksrud
Kopi:

Emne: VS: Pressemelding: Uttale til NTP frå styret i Fjordvegen Rute 13

Vedlegg: image001.png

Fra: I/S Fjordvegen Rute 13 v/informasjonsansvarleg H. Sundbø
[mailto:hane=hagalid.net@mail207.atl81.rsgsv.net] **På vegne av** I/S Fjordvegen Rute 13
v/informasjonsansvarleg H. Sundbø

Sendt: 3. mai 2016 17:02

Til: Samferdselavdelinga - Postmottak

Emne: Pressemelding: Uttale til NTP frå styret i Fjordvegen Rute 13

Nyheitsbrev frå [I/S Fjordvegen Rute 13](#):

[Sjå nyheitsbrevet i nettesaren din.](#)


NYTT FRÅ FJORDVEGEN RUTE 13

Pressemelding / nyheitsbrev på e-post



NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018 - 2029

**Samordna uttale frå interesse-
selskapet Fjordvegen Rute 13 til
tre fylke samt Vestlandsrådet:**
Styret i I/S Fjordvegen Rute 13 har 2. mai
utforma felles uttale til
grunnlagsdokumentet til Nasjonal
Transportplan 2018-2029. Uttalen er
sendt til medlemsfylka Sogn & Fjordane,
Hordaland og Rogaland fylke som formelle
høyringsorgan samt Vestlandsrådet.



Styreleiar Gerd Helen Bø

Styreleiar Gerd Helen Bø frå Suldal
uttalar: *Dette er ein viktig milepæl for
interesseselskapet når styret samla har
utforma ein uttale med prioritering over*

***tre fylke for heile Rv/Fv13 med
medlemskommunar.***

HOVUDTREKK I UTTALEN:

Rassikring og samfunnsnytte:

I uttalen har styret vektlagt at selskapet ber om at sikring av rasutsette parti langs Rv/Fv 13 vert prioritert med tilstrekkelege midlar i planperioden. Styret minner om at målsetjinga til Nasjonal rassikringsgruppe om at alle offentlege vegar skal vera rassikra innan 2030 vert fulgt opp gjennom løyvingar i NTP.

Rv/Fv 13 gjev svært stor samfunnsnytte for Indre Vestlandet. Løyvingar gjennom NTP som gjer denne vegen rassikker, vintersikker og med tilfredsstillande standard og vegbreidde langs heile ruta vil ha store og positive samfunnsmessige verknader.

Det er derfor særleg gledeleg at eit samla styre har stilt seg bak ei felles prioriteringsliste for tiltak langs heile Rv 13 frå Sandnes til Førde. Denne fellesprioriteringa er eit svært sterkt signal om at Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13 står samla om kva prosjekt som bør løftast fram i den endelege prioritering av tiltak på denne vegen.

Vikafjellstunnelen på topp:

Som første prioritet for investeringar har styret sett Vikafjellstunnelen. Dette prosjektet har vore inne på tidlegare NTP-prioriteringar, men har ikkje vorte prioritert så langt til denne NTP-runden. Vikafjellstunnelen har så stor samfunnsnytte at styret meiner det må inn att som investeringsprosjekt på NTP 2018- 2029.

Den samla prioriteringslista for dei 9 viktigaste prosjekta som styret har prioritert framgår av vedlagte uttale

Heile uttalen kan du lesa her: [Les meir ?](#)



Det nye styret for 2016-17 i Fjordvegen Rute 13:

Frå v: 2. vara Solfrid Borge (Ullensvang) og 3. vara Harald Offerdal (Balestrand), styremedlem Marthe Hammer (Hordaland), Arnstein Menes (Sogn & Fjordane), Gerd Helen Bø (Suldal) styreleiar, John Opdal (Odda), nestleiar, Arne Bergsvåg (Rogaland), Bjørn Laugaland, (Hjelmeland), Edmund Utne 1. vara, (næringsliv/Hotell Ullensvang). Styremedlem Morten Midlang, (Vik i Sogn) og Sigbjørn Hauge (Voss) manglar på bildet.

- [h](#) Facebook: nytt om Fjordvegen
- [h](#) www.fjordvegen.no: fakta om selskapet, vegprosjekt og medlemmer
- [h](#) E-post: spørsmål og andre tilbakemeldingar

Opphavsrett © 2016 I/S Fjordvegen Rute 13

Du får denne e-posten fordi du representerer ein medlemskommune eller -bedrift i I/S Fjordvegen Rute 13. Du kan godt spreia Fjordveg-drøsen til andre i din kommune eller bedrift.

Vil du gjera endringar i abonnementet på nyheitsbrev frå I/S Fjordvegen Rute 13?

Du kan [oppdatere innstillingane](#) eller [melda deg av nyheitsbrevet](#).

Redaktør: Hanne Sundbø, tlf. 982 19 973 / 51 75 06 83, hanne@hagalid.net
Kontakt selskapet: IS Fjordvegen Rute 13, Hovudkontor: Pb. 78, 5782 Kinsarvik. (Leiv Vambheim og
Trude Rinaldo) Tlf. 53 67 14 50 - post@hardangerraadet.no

This email was sent to samferdset@hfk.no
[why did I get this?](#) [unsubscribe from this list](#) [update subscription preferences](#)

I/S Fjordvegen Rute 13 · Postboks 78 · Kinsarvik, Hordaland 5782 · Norway

 Email Marketing
Powered by
MailChimp